



Dei flinke ungdommane i Cold Chase fekk verkeleg publikum med.

Gospel-kvelden i kyrkja fredag vart eit nyskapande blinkskot, og lovorda sat laust frå dei som var blant publikum. Frå Eva Megyesi opna med sine flotte orgeltonar til kvelden vart avslutta med hot dog og brus var nær halvannen time fylt med mykje song- og musikkglede saman med klapping og applaus.



Nydeleg sang til glitrande gitarspel. Aleksandra Sanden og Trond Betten.

Ekstra kjekt var alle dei undommelege bidraga som saman med Eva Megyesi sine innslag gjorde kvelden til ei retteleg feststund. Innimellom all songen og musikken fekk vi også gode ord på vegen då soknerådsleiar Svanhill Haugland les eit brev til ein prest frå ein han hadde hatt som konfirmant ein god del år tidlegare.

Musikken var likevel det sentrale. Frå Husnes kom Aleksandra Sanden. Med si vakre stemme song ho slik at vi kunne lukka augo og drøyma om at Whitney Houston var i kyrkja. Med seg hadde Aleksandra den dyktige og velkjende Trond Betten som akkompagnerte ho på gitar. Nydeleg!!

Ungdommane i Cold Chase starta med den rolege Beatles-klassikaren «Let it be» før dei fulgte opp med to litt meir rocka nummer. Dei fire ungdommane, Ida Prestnes(vokal/gitar), Odin Aksnes(gitar), Ole Vasslid(bass) og Emma Aksnes Grønstøl(slagverk) har, trass i sin unge alder, spelt saman ein del år. Det høyrst! Dei er svært dyktige! Respsen frå publikum var heller ikkje til å ta feil av. Det var første gong dei spela i ei kyrkje, og eg er stolt over at vi i Uskedal sokneråd stod bak det engasjementet. Bandet beherskar ulike sjangrar, og har det travelt framover. Dei skal mellom anna spele på fylkesmønstringa UKM og under Lambasleppet på Festidalen. Dei er også ute med sin første singel på Spotify. Dei har ein dyktig og inspirerande mentor og lærar i Mauricio Weimar.



[Eva Megyesi var sentral også i kveld. For ein ressurs!!!](#)

Saman med ungdommane var Eva Megyesi musikalsk krumtapp slik ho har vore på så mange konsertar i kyrkja dei seinare åra. Eit sjukdomsforfall gjorde at ho på kort varsel måtte ta ein større del av programmet enn først tenkt. Som alltid løyste Eva det på ein super måte. Ho hadde eigne innslag med orgelspel, pianospel og song. Ho var også forsongar til allsongen som ho akkompagnerte på piano. For ein ressurs Eva her!!

Ungdommar frå Nattkafè Lyd og Lys, Kristoffer Heggnes Ekeland, Svein Olav Fagerheim, Margus Tera og Lars Åkre Hauge, sytte for den rette lyssettinga denne kvelden.



Kristoffer Heggnes Ekeland og Svein Olav Fagerheim hadde kontroll på lyssetjinga.

Soknerådet gav velfortent takk til alle som hadde vore med og gjort denne nyskapande kvelden så vellukka. Publikum fortente også stor applaus. Det er kjekt når vi kan samlast på tvers av generasjonar, - frå førskulealder til godt over 80 år. Gledeleg mange av publikum kom frå andre bygder.

Fleire nyvinningar vart tekne i bruk i kyrkja denne kvelden. Det kjem vi tilbake til som eiga sak.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland